



Trond-Eirik Larsen  
Hesjakollen 25  
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4403 - 23/10317

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.02.2023

Avvist søknad om oppføring av bod/lagerhus - gbnr 129/21 Titland søndre

**Administrativt vedtak.**

**Saknr: 138/23**

**Tiltakshavar:**

Trond-Eirik Larsen

**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-4, jf. § 21-2, 5. ledd.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring bod/lagerhus på eigedom gbnr. 129/21 avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

#### **Tiltak**

Det vert vist til søknad motteken 27.05.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av bod/lagerhus på eigedom gbnr. 129/21 Titland søndre. Det er i søknad opplyst at tiltaket vil ha eit bygd areal på 30m<sup>2</sup> og eit bruksareal på 27,8 m<sup>2</sup>.

#### **Planstatus**

Eigedomen er omfatta av kommunedelplan for tidlegare Lindås Kommune, sist revidert 2019.

Det er i skriv datert 29.08.2022 bedt om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utifrå innsendt situasjonskart kan det sjå ut som at bygget er plassert i strid med byggegrense mot sjø. Dersom det er tilfelle på det søkjast om dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Dispensasjon må nabovarslast og grunngjevast.

Det er lagt ved nytt situasjonskart og vi ber deg og om å plassere bygg på dette kartet.

2. Eigedommen er i KDP for Lindås 201-2031 sett av til fritidsbebyggelse. Det følg av føresegn 2.2 at areal sett av til m.a. bygg og anlegg, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 vert tillate. Det må difor reguleres eller søkjast om dispensasjon frå krav om reguleringsplan. Dispensasjon må nabovarslast og grunngjevast.
3. Oppføring av bygg på ubebygd eigedom er eit søknadspliktig tiltak med krav om bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. § 20-1.
4. Minsteavstand til kommunal veg er 15 meter, dersom tiltaket er nærmare enn det må det søkjast om dispensasjon til vegavdelinga i Alver kommune. Ber om at avstand til vegmidte kjem fram på situasjonskartet.
5. Det er motteke merknad til tiltaket. Vi tilrår at du kommenterer denne merknaden.

Det vart i utgangspunktet sett frist for supplering av søknad til 29.09.2022. Fristen har i etterkant vore utvida ved 2 høve. Administrasjonen vurderer at medvirkningsretten etter SAK10 § 7-5 er i vareteke.

#### **VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav e)

Det er ikkje lagt fram oppdatert situasjonsplan som avklarar om tiltaket krev dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø.

2. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav i) jf. bokstav k)

Det planlagde tiltaket er plassert 6 meter frå kommunal veg (KV1199), omsøkt plassering krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå avstandskrav til senterline veg på 15 meter, veglova.

3. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav k)

Eigedommen er ubebygd og etablering av søknadspliktige tiltak krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plankravet i KDP.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Trond-Eirik Larsen

Hesjakollen 25 5142

FYLLINGSDALEN